



VIDAR MJØS  
Søre Renen 17  
5099 BERGEN

Vår dato:	11.01.2019	Vår ref:	2018/1344
Dykkar dato:	01.11.2018	Dykkar ref:	18/1814 – 18/15928

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hilde Rasmussen Nilsen, 5557 2371

## Avvisning av søknad - Byggesak - Radøy - Gnr 27 bnr 12 - Fløholmen - Småbåthamn / flytebryggje - ref 18/14090 FMHO

Vi viser til Radøy kommune si oversending av klagesaka di, motteken her den 02.11.2018.

### Vedtak

**Fylkesmannen stadfester Radøy kommune sitt vedtak av 06.09.2018, sak 226/2018 om å avvise søknaden om rammeløyve.**

### Bakgrunn for saka

Du søkte om rammeløyve. Søknaden vart avvist av Radøy kommune i administrativt vedtak av 06.09.2018, sak 226/2018:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf. § 1-6(2), § 11-6 jf. Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 pkt. 2.1 og 2.6, § 20-3 jf. § 21-2, samt byggesaksforskrifta § 5-3, vert søknad om rammeløyve avvist.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

Kommunen si grunngjeving var at søknaden er mangefull og at nokre av manglane er av ei karakter som gjer at søknaden ikkje kan handsamast. Kommunen viste til følgjande manglar:

- Det er ikkje godkjent reguleringsplan for området i samsvar med krav som følger av kommuneplan.
- Tiltaket er plassert i konflikt med byggegrense i sjø og det er ikkje søkt dispensasjon frå byggegrense.
- Det er ikkje erklært ansvarsrett for ansvarleg søker eller for ansvarleg prosjekterande, og søknaden er ikkje vedlagt obligatorisk gjennomføringsplan.

Du har klaga på avvisingsvedtaket ved brev av 07.09.18. Klagen er rettidig.

Du har vist til følgjande klagegrunnar:



1. Når det ikkje er fatta vedtak om byggeforbod etter plan- og bygningslova kap. 13 kan kommunen ikkje krevje at området skal inngå i reguleringsplan før det vert gjeve løyve til tiltak.
2. Sjølve flytebryggja ligg innanfor arealføremål Småbåthamn etter kommuneplanen. Detaljprosjekteringen vil avklare om forankringane kjem utanfor arealføremålet. Du meiner det er uklart kva for byggegrense i sjø kommunen viser til.
3. Kommunen har ikkje heimel i plan- og bygningslova for å krevje erklæringer om ansvarsrett og gjennomføringsplan som del av søknaden. Du viser til at det ikkje er tekniske krav til flytebryggjer i teknisk forskrift og at bygningsstyresmakta difor heller ikkje kan krevje erklæringer om ansvarsrett. Du meiner bygningsstyresmakta si kompetanse er avgrensa til spørsmål om arealbruken i sjøoverflata. Du meiner også at det ikkje er trøng for kommunal kontroll av gjennomføringsplan sidan tiltaket vert levert som ei samla eller fleire leveransar.

Teknisk forvaltning i Radøy kommune handsama klagen den 01.11.2018. Klagen vart ikkje teken til følgje og saka vart etter dette oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Når det gjeld merknadane dine og faktum i saka elles, viser vi til saksdokumenta som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 17.

### Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova (fvl) gjeld for Fylkesmannen si handsaming av klagen. Fylkesmannen kan prøve alle sider av saka, også nye omstende, jf. fvl § 34, andre ledd. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det kommunale vedtaket og sende saka attende for heilt eller delvis ny handsaming.

I denne saka er det søkt om rammeløyve for utlegging av flytebrygge som har ei lengde på ca 100 meter og som legg til rette for 54 båtplassar.

Plan- og bygningslova (pbl) § 21-2 første ledd, andre og tredje setning seier:

*«Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendig for at kommunen skal kunne gi tillatelse til tiltaket. Det skal framgå av søknaden om det søkes om dispensasjon, jf. kapittel 19.»*

Vidare seier pbl § 21-4:

*«Når søknaden er fullstendig, skal kommunen (...) gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.»*

Det er alminneleg antatt at dersom søknaden ikkje er fullstendig, kan kommunen med heimel i pbl § 21-4 avvise søknaden, men først etter å ha oppfylt rettleiingsplikta si etter fvl § 11.

For å vurdere om kommunen har oppfylt rettleiingsplikta etter fvl § 11 har Fylkesmannen vurdert dokumenta i denne saka og tidlegare saker på gbnr 27/12 Fløholmen.

Av dokumenta går det fram at du starta opp arbeid med reguleringsplan for småbåthamn med tilhøyrande landareal i 2010. Hovudutval for plan, landbruk og teknisk fatta i møte 23.11.2011 vedtak PLT-015/11 som lyder:

*«Detaljplan for Fløholmen med næringsareal og småbåthamn vert godkjent for offentleg ettersyn. Før planen kan leggjast ut må følgjande endrast:*

*- Planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen*



- *Na 1 må utvidast i sørvest.*
- *Grønholmen må inn som naturområde*
- *Det må inn sanitæranlegg i planen*
- *Føresegner må oppdaterast etter endringar i kartet.*
- *Føresegner må innehalde eit punkt om rekkjefølge på utbyggingstiltaka.*
- *Alle arealføremål må beskrivast i føresegnerne.*

*Grunngjeving for vedtaket er at framlegget til detaljregulering er i tråd med gjeldande kommuneplan. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.»*

Du var ikkje einig i vilkåra, og kravde saka lagt fram for kommunestyret. Den 10.04.2014, i sak 014/2014 stadfesta kommunestyret vedtaket med vilkåra, og plansaka vart etter det avslutta som følgje av at vilkåra ikkje er oppfylt.

Det går vidare fram at du seinare søkte dispensasjon frå kravet om reguleringsplan som framgår av kommuneplanen frå 2011. Kommunen avslo dispensasjonssøknaden den 17.04.2013, og Fylkesmannen i Hordaland stadfesta avslaget den 06.09.2013.

Fylkesmannen har ikkje funne dokumentasjon på at det har vore nokon skriftleg kommunikasjon mellom kommunen og deg i tida mellom søknaden om rammeløyve vart innsendt og vedtaket om avisering vart vedteke. Det går likevel fram av dokumenta at du har hatt omfattande kontakt med kommunen, mellom anna i form av e-postutveksling, frå oppstarten av reguleringsplanprosessen og fram til i dag.

Fylkesmannen har lagt vekt på at denne saka dreier seg om det same hovudføremålet som saka om dispensasjon frå plankravet og den ikkje-fullførte reguleringsprosessen. Når vi ser sakskomplekset samla finn vi det klart at du har fått den rettleiing du har krav på etter fvl § 11, før kommunen avviste søknaden om rammeløyve.

På grunnlag av sakshistorikken finn Fylkesmannen det ikkje tvilsamt at du måtte forstå at det er krav om godkjent reguleringsplan for flytebryggje i området, at dette ikkje ligg føre, og at det er Kommuneplanen for Radøy kommune frå 2011 som er heimel for plankravet. Fylkesmannen finn det klart at plan- og bygningslova kapittel 13 som du viser til i klagan, ikkje er relevant i denne samanhengen.

Når det gjeld spørsmålet ditt om kor byggegrensa går, finn Fylkesmannen som kommunen at dette går tilstrekkeleg klårt fram av kommuneplanen. Vi viser elles til kommunen si grunngjeving i avisingsvedtaket og kommunen si handsaming av klagan.

Når det gjeld spørsmålet om ansvarsrett er Fylkesmannen samd med kommunen i at det juridiske utgangspunktet er at tiltaket er søknadspliktig med ansvarsrett, jf. pbl § 20-2a og §§ 20-4 til 20-8. Kommunen har ei skjønnsmessig adgang til å gjere unntak frå krav til ansvarsrett for «mindre tiltak» etter § 20-4 bokstav e). Fylkesmannen finn det klart at denne flytebryggja ikkje er eit mindre tiltak, og viser til at flytebryggja har ei lengd på ca 100 meter og legg til rette for 54 båtplassar. Vi viser her også til kommuneplanen sine føresegner pkt 3.1.4 som seier at flytebryggjer for inntil seks båtar kan reknast som mindre tiltak i forhold til plankravet.

Fylkesmannen finn som kommunen at det ikkje er tilstrekkelege opplysningar i søknaden til å kunne vurdere om nokre av ansvarsområda kan unntakas for ansvarsrett etter pbl § 23-1 femte ledd som «*klart unødvendig*».



Fylkesmannen vil til slutt nemne at kommunen sitt avvisingsvedtak peiker på fleire manglar ved søknaden enn dei som er påkлага, som til dømes opplysningar om tiltak på land.

Etter ein gjennomgang av saken og klagepunktene dine finn Fylkesmannen etter dette ikkje grunnlag for å sette til sides kommunen si avgjerd om å avvise søknaden med heimel i pbl § 21-4.

Klagen er ikkje tatt til følgje.

Fylkesmannen sitt vedtak på side ein er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. fvl § 28, 3. ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke  
seniorrådgjevar

Hilde Rasmussen Nilsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

FLØHOLMEN AS  
Radøy kommune

5937      BØVÅGEN  
Radøyvegen 1690      5936      MANGER